

## Referat møte i KFAU Suldal 19. september 2023

Til stede:

- Kjersti Moe (Fau Vinjar)
- Cecilie Erfjord (Fau Erfjord)
- Solveig Obretcht-Speth (Fau Sand, barnetrinn)
- Sveinung Nessa (Fau Jelsa)
- Finn A. Rosland (Fau Marvik) - referent
- Britt-Elin Håranes (Oppvekst)

### Sak 1 2023/2024: KFAU 2023/2024 konstituerer seg

- Utsetter konstituering til seinare i haust slik at alle FAU får konstituert seg først.

### Sak 2 2023/2024: Gjennomgang av vedtekten for KFAU (sjå eige vedlegg)

- Forslag om endring til vedtekten under §3 og kven som må stille i møter. Det er ønskje om kun en representant fra FAU i grunnskulane.
- Det blei også spørsmål rundt natteravn som står i vedtekten.
- Forslag om å endre §3.2 slik at konstituering av KFU er i god tid etter at alle FAU i grunnskulane har fått konstituert seg.
- Bør presisere §6 slik at vedtekten fungerer hensiktsmessig. Endringar bør kunne gjerer på vanlege KFU møter i løpet av året.
- Leiar skriver nye formuleringar og sendes ut nye vedtekter på høring.

### Sak 3 2023/2024: Informasjon/oppdatering frå dei ulike skulane. Korleis er stoda?

Frå Erfjord:

- Kva er praksis for leksehjelp på dei ulike skulane? Dei saknar det i Erfjord. Jelsa, Sand og Vinjar har leksehjelp. Marvik har leksehjelp i SFO tida.
- Burde det være meir ressursar lagt til svømmeopplæringa? Når dette har vært oppe før viser det seg at det er snakk om kor mye tid og ikkje ressursar det handlar om.
- Åpningstidar på SFO: spørreundersøking eller annen praksis? Rektor har eit handlingsrom ift tidene SFO er opent.

Frå Marvik:

- Kordan FAU ønskjer å jobba i år - kordan ha eit best mogleg samarbeid.
- Tilsettingssituasjonen: manglar faglærte lærare, men god voksentettleik. Kva er haldningane til KFU ift kordan man gjer med tanke på tilsetting i løpet av året?
- I fjord var det turbulent ift bemanning.
- Ukrainske elevar: me har nå 2, mens det blir 3. Kordan inkluderer og ivaretar FAU disse elevane på ein best mogleg måte. Ingenting formalisert men foreldre har hatt fokus på at dei blir invitert med på aktivitetar, bursdager og idrett. All informasjon blir skrevet ned og sendt skriftlig slik at dei kan oversette. Meldinger frå foreldre og FAU har effekt, ikkje berre skule.

Frå Vinjar:

- Manglande fagkompetanse i enkelte fag, men rektor er fornøgd med personalkabalen.
- Manglande kompetanse i praktisk estetiske fag, musikk har hatt manglande fagkompetanse i fleire år. Er dette eit problem på andre skular i grunnskulen?
- Kan man få i gong betre samarbeid med kulturskulen/kulturelle skulesekken?
- Rektor har søkt om språktolk for å hjelpe til med tilrettelegging for Ukrainske elevar. Det følger ikkje med noko midler automatisk når eleven kommer til skulen.
- Frå 1. oktober står skulen utan rektor. Opgåvane blir fordelt på andre ansatte i tillegg til oppfølging frå einingsleiaren frå Nesflaten oppvekstsenter.
- Stor førsteklasse (20 stk + 2 nye Ukrainske elever)

- FAU har fått inn sak som er knytt ein del hærværk som har føregått på Suldalsosen. I den forbindelse vil dei jobbe å sette ein stopp for dette, og med tiltak som kan forbetre oppveksttilbuset for barn og unge på Suldalsosen.
- Har laga retningslinjer for å ikkje å komma i konflikt med gratisprinsippet. Disse ligg på nettsidene til skulen.

Diskusjon:

- Burde me tenkje på meir samarbeid mellom skulane med t.d. Prosjektarbeid, kulturskule, el.?
- Burde KFAU jobbe for å arrangere fleire sosiale tilbaud for barn og unge t.d. Aktivitetskveld? Denne saka tas opp igjen til neste KFU møte.

**Sak 4 2023/2024: Framtidas oppvekst i Suldal – framdrift i arbeidet. Drøfta spørsmål til anonym spørjeundersøking.**

- Britt-Elin Håraneset orienterer om "Framtidas oppvekst i Suldal". På nettsida ligg det informasjon om prosjektet (<https://www.suldal.kommune.no/tenester/skule-og-utdanning/framtidas-oppvekst/>)
- Snakker om gjestebod modellen, ein måte for kommune å få innspel frå innbyggjarane på.
- Anonym spørjeundersøking til foreldre
  - Dei ønskjer ei avspissa undresøkjing
  - Dei ønskjer at den er mest mogleg konkret med tydeleg avkryssing
  - Blir ein del diskusjonar rundt utforming og ordlyd på undersøkjinga.
  - Ønske om kort svarfrist.
  - Ønske om at FAU oppmodar til god svarprosent.

**Sak 5 2023/2024: Manglande fagkompetanse i praktiske-/estetiske fag**

**Sak 6 2023/2024: Ymse Neste møte i KFAU: 30.11.23 kl.18**